

**FRAMLEGG TIL FORVALTINGSPLAN FOR  
TVEITANESET NATURRESERVAT I  
TYSVÆR KOMMUNE, ROGALAND**



**Fylkesmannen i Rogaland  
mai 2014**

## **Innhald**

Innhald.....	2
Forord .....	3
Naturmangfaldlova.....	4
Brukshistorie og dagens status .....	5
Verneverdiar.....	7
Bevaringsmål, skjøtsel og overvaking .....	10
Retningslinjer for brukarinteressar .....	12
Oppsyn og administrasjon.....	14
Vedlegg 1- Føreslegen verneforskrift .....	15
Vedlegg 2 - Kart over føreslege verneområde .....	18
Vedlegg 3 - Kart med gammal og føreslegen utvida vernegrense .....	19
Vedlegg 4 – Rapport frå synfaring , Tveit i Nedstrand, Tysvær kommune.....	20

**Alle bilete: Audun Steinnes, Fylkesmannen i Rogaland**

## Forord

Tveitaneset naturreservat blei verna i 1977 som barskogreservat. Reservatet ligg i Tysvær kommune i Rogaland. Det er kartlagt verneverdig skog på utsida av vernegrensa som grunneigar er villig til å verne frivillig. På same tid er verneforskrifta gamal, og treng revisjon. Denne planen omhandlar difor heile det nye føreslegne verneområdet.

Forvaltningsplanen er utarbeida innafør dei rammer som er fastsett i utkast til ny verneforskrift. Den gjer nærare føringar for tolking og praktisering av vernereglane . Vi syner i så måte også til retningslinjer for aktuell bruk og skjøtsel, der dette er nemnt spesielt i vernereglane (§ 4 og § 10).

Forvaltningsplanen skal ikkje skjerpa eller svekka vernereglane. Den er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov.

Forvaltningsplana er utarbeida av Fylkesmannen i Rogaland, i samband med arbeidet med utvidinga av Tveitaneset naturreservat. Den forenkla planen vil i fyrste rekke ha høringspartane som målgruppe. Etter at verneplanprosessen er slutført og området er verna vil forvaltningsstyresmakta vurdere om ein må revidera og utvida forvaltningsplan. Då vil ein vurdere nærare differensiert forvaltning, informasjon, skjøtsel og målretta bevaringsmål etter nasjonal standard.



**Kart:** Naturreservatet markert med rød sirkel.

## Naturmangfaldlova

Det følger av naturmangfaldlova § 7 at dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Prinsippa skal kvar for seg vurderast og vektas i samband med utøving av slik mynde, dette gjeld også ved utarbeiding av forvaltingsplanar.

Etter naturmangfaldlova § 8 skal vedtak som gjeld naturmangfaldet så langt som rimeleg bygge på vitskapelig kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologisk tilstand, samt effekt av påverknad. Ein skal og legge vekt på kunnskap som er basert på generasjonar av røynsle ved bruk og samspel med naturen. Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for framlegg til utviding av Tveitaneset naturreservat og retningslinjene i forvaltningsplanen er:

Skriftlege kjelder:

- Bakkevig, S. 1981. Vegetasjon og naturgrunnlag i Tveitaneset naturreservat, Rogaland. Blyttia.
- Steinnes, A. og Johnsen, J.I. 2012. Rapport frå synfaring Tveit i Nedstrand, Tysvær kommune.
- Vestskog SA. 2013. Skogstakst for Tveitaneset, 3 teigar.
- Tveit vidaregåande skule 1877-1952. Jubileumsbok.

Munnlege kjelder:

- Leonhard M. Mikalsen, Statens naturoppsyn (SNO)
- Sverre Bakkevig, lokalkjent botanikar som kartla området ved fyrstegongs vern
- Per Helle, tilsett på Tveit vidaregåande med lang fartstid

Ut frå dette meiner Fylkesmannen at kunnskapsgrunnlaget er godt. Kunnskapen som ligg til grunn for verneframlegget og retningslinjene i planen er etter Fylkesmannens meining tilstrekkeleg til å vurdere verknadar på naturmangfaldet. Førre-var-prinsippet i naturmangfaldlova. § 9 vert derfor lite vektlagt.

Prinsippa i §10 i naturmangfaldlova omhandlar økosystemtilnærming og samla belastning. Vernereglane og forvaltingsplanen opnar for mindre brukstiltak, vedlikehald og skjøtsel. Døme på dette er jakt og fiske, sanking av bær og matsopp, tradisjonelt beite, vedlikehald av eksisterande vegar, stiar og andre anlegg som på vernetidspunkt. Forvaltingsstyresmakta vil i tillegg søka å fjerna framande artar som sitkagran og hemlokk frå området. Fylkesmannen meiner at vernereglane styrer bruken godt, og at samla belastning på verneformål vil vere liten og til dels føremålstenleg.

§ 11 seier at kostnadene ved miljøferringing skal berast av utførar.

Alle utførarar er ut frå dette ansvarleg for eventuell miljøferringing ved eit konkret tiltak.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: For å unngå eller avgrensa skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering, som ut frå ei samla vurdering, gjev dei beste samfunnsmessige resultat. Aktuelle tiltak i reservatet vil ha sær avgrrensa karakter og har klare rammer etter verneforskrifta og retningslinjene i forvaltingsplanen.



## Brukshistorie og dagens status

Området er del av Tveitaskogen, den 2500 daa store landbrukseigedommen på Tveit jordbruksskule. Skogen på Tveitaneset har vekse opp i tida etter skulen vart starta i 1877. All tilgjengeleg skog i Ryfylke vart i praksis hogge under Skottetida (år 1500-1600). Marka vart etter dette nytta til utmarksbeite på fleire småbruk. Når landbruksskulen starta opp i 1877 vart utmarka beita mindre intensivt, og ein antar skogen etablerte seg i denne tida. Boreprøvar tatt på midten av 1980-talet underbygger dette, då dei eldste trea var 130 år gamle. Desse er truleg frøtre til majoriteten av furuskogen, som er om lag 100 år gamal (Per Helle pers.medd.)



**Foto:** Lavrik utforming i forgrunn og bærlyngdomminert utforming bak.

Skogsdrift på skulen sin eigedom med hogst og planting av framande artar utover 1900-talet førte til at furuskogen i stor grad forsvann, og lite hogstmoden furuskog stod att. Difor retta skulen blikket mot Tveitaneset, kor skogen var grov og tett etter å ha stått urørt i lang tid (Bakkevig 1981). Naturverninspektøren i Rogaland var uroa over at det var lite urørt skog att i fylket, og det blei utført undersøkingar av Tveitaneset sommaren 1973. På grunn av planane for hogst vart området førebels verna hausten 1973, før det endeleg vart verna som Tveitaneset naturreservat i 1977.

Verneområdet blei delt opp i to soner, eit (den ytre delen av neset) med strenge føringar som naturreservat og eit (den indre delen) vart verna som buffersone med opning for skogsdrift på villkår. I buffersona har skolen drive undervisning med mindre hogstfelt, og har planta ei rekke framande bartre. I ein periode vart det grøfta i ei myr og ein prøvde å laga eit arboret med ei mengd innplanta framande treslag. I dag er desse stort sett hogd ut av skulen sjølv. Eit resterande felt med plantegran vart felt og tatt ut i 2011 av Statens naturoppsyn. Hogstfeltet skal ha ein naturleg suksesjon med naturleg forynging. Seinare oppslag av framande treslag vil bli fjerna ved skjøtsel.



**Foto:** Kystlina langs Breivik. Midt i bilete ser ein hogstfeltet frå hogsten av plantegrøn i 2011.

Naturreservatet har i stor grad låge urørt, og vert berre nytta til enkelt friluftsliv. Skulen nytta store volum ved til oppvarming frå den vart oppretta og fram til om lag 1950. Skulen har truleg hogge bjørk i på Tveitaneset i denne tida (Per Helle pers. medd.). Eit lite innslag av bjørk i reservatet underbygger denne hypotesen.

Området som er føreslege som nytt naturreservat har vert nytta til undervisning. Einskilde plassar er det hogd ut mindre felt og planta inn hemlokk, gran og sitkagran. Det går ein skogsbilveg gjennom området.

Skogen vart beita rimeleg systematisk av landbruksskulen fram til ca 1965 (Per Helle pers. medd.). Etter dette har det gått mindre sau i utmarka. Dei siste 6-7 åra har det gått ein flokk med utegangarsau i skogen. Dei har i liten grad beita på Tveitaneset, mest i Raukleivfjellet.

På både aust og vestsida av Tveitaneset (Breivik og Ramsvik) er det to lakseseter (garnplassar for laks), som inntil dei siste åra har vært nytta til fiske.

## Verneverdiar

Tveitaneset og området kring er ein særmerkt kyst med flate fyllittsvaberg og lite inngrep. Området ligg vêrhardt og sørvendt mot Nedstrandsfjorden. Flotte jettegryter, svaberg og rullesteinsstrende lagar variasjon i strandlinja og gjer området spanande med opplevingsverdi.

### Dagens naturreservat

Strandberga på Tveitaneset går over i ei kystutforming av røsslyng-blokkebærfuruskog. Skogen er furudominert og fattig i heile området og er prega av svulmande mosematter dominert av lyngtorvmose og artar som pelssåtemose, trøsåtemose, fleinljå, heiflette, blåmose, kystkransmose, storstylte, raudmuslingmose, kystbinnemose, kysttvebladmose m.fl. Skogen er gamal i regional målestokk. Furutrea er ikkje utprega grovstamma, men er omlag 150 år gamle (Vestskog 2013, Per Helle pers. medd.).

### Buffersona

I buffersona ligg det meir høgvaksten furu som er 130 år gamle, noko eik og 8-10 treforma kristtorn. Mellom knausar på nordsida står "Tusenårseika". Hovudstammen er berre 3 m høg og treet er truleg styva. Det har ein omkrins på 3 - 4 m, eit stort holrom og rikeleg med friske greiner.

På læger/daud ved i skogbotnen i nordvest, blei råteflak og hornskovelmose funne, to artar som er regionalt sjeldne. På eik i same området veks liten praktkrinslav som er raudlista (VU-sårbar). På bjørk veks *Arthonia arthenoides* som krev høy luftråme og er mindre vanleg, på kristorn veks kattefotlav og på furu stubbesigdmose ein austleg art som er mindre vanleg i Rogaland.



**Foto:** Tusenårseika er imponerende stor, og står i området som i dag er buffersona mot naturreservatet. Gamle tre av denne typen er sjeldne. De er viktige levestadar for spesialiserte artar sopp, mose, lav og insektet.



### Føreslegen utviding av verneområde

Området som i dag er føreslege som innlemma i naturreservatet er brattare røsslyng-dominert furuskog. I den bratte lisida er det stadvis betre jordsmonn og eksposisjon med større innslag av eik, kristtorn, hassel, vivindel m.fl, nokre stader med storfrytle og fragment av lungeneversamfunn på eik.



**Foto:** Raudkleivfjellet frå Ramsvik er sørvendt, med gamal furuskog og innslag av gamal eik og hassel.

Området har gammal og høgreist furuskog som er kring 150 år gammal (Vestskog 2013). Det er større innslag av eik og kristtorn enn i sjølve reservatet, og det er funne fleire raudlista og interessante artar som ikkje er påvist i sjølve reservatet. Denne delen utgjer ei naturleg vidareføring av reservatet og vil auka dette arealet vesentleg.

### Særlege verneverdiar:

Tabellen under syner registrerte sjeldne og raudlista artar som er registrert innanfor området som i dag allereie er verna og føreslege verna.

Art	Status raudlista 2010	Funn
butturnemose	sårbar (VU)	Johnsen og Steinnes 2012
liten praktkrinslav	sårbar (VU)	Johnsen og Steinnes 2012
raggtelg	noko truga (NT)	Johnsen og Steinnes 2012
ring- eller hornstry	noko truga (NT)	Johnsen og Steinnes 2012
råteflakmose	regionalt sjeldan	Johnsen og Steinnes 2012
stubbsigdmose	mindre vanleg i Rogaland	Johnsen og Steinnes 2012
doggekjeldmose	mindre vanleg i Rogaland	Johnsen og Steinnes 2012
kulegråmose	mindre vanleg i Rogaland	Johnsen og Steinnes 2012
hornskovlmose	mindre vanleg i Rogaland	Johnsen og Steinnes 2012
meietvebladmose	mindre vanleg i Rogaland	Johnsen og Steinnes 2012
flekklav ( <i>Arthonia arthenoides</i> )	mindre vanleg i Rogaland	Johnsen og Steinnes 2012
dverg- eller kvitryggspett	regionalt sjeldan	Johnsen og Steinnes 2012

### Trugslar mot verneverdiane

I føreslegen utviding av verneområdet står det i dag nokre felt med sitkagran. I tillegg er det frøspreiing av hemlokk frå utsida av dette. Desse framande treslaga er ei reell trugsel mot verneverdiane ved at dei frør seg hurtig og fortrenger naturleg vegetasjon.



Andre moglege framtidige trugslar vil kunne vere fysiske inngrep, hogst, og framande artar.



**Foto:** Oppslag av hemlokk i nytt føreslege verneområde. Må haldast nede for å ivareta verneverdiane.

## Bevaringsmål, skjøtsel og overvaking

### Bevaringsmål

Bevaringsmål er ønska tilstand for naturkvalitetane i eit verneområde sett ut frå verneformål og andre overordna føringar. Overordna bevaringsmål gjeld for heile reservatet, mens konkrete detaljmål skal setjast for dei viktigaste naturkvalitetane. Bevaringsmåla skal overvakast og reviderast ved behov.

Overordna bevaringsmål vil vere å ivareta verneføremålet slik det er gjort framlegg om i verneforskrifta § 1. Etter slutført verneprosess vil forvaltningsstyresmakta peika ut meir detaljerte og prioriterte bevaringsmål, tilstandsindikatorar og overvakingismetodar.



**Foto:** Knøllav veks på strandberga.



**Foto:** Liten lindelav er en kystlav som veks på strandberg og trær.

### Skjøtsel

Naturmiljøet og skogen på Tveitaneset skal så langt som mogleg utvikla seg fritt utan menneskeleg påverking. Men framande treslag er ein direkte trugsel mot verneområdet og skal fjernast. Vidare skal ein vurdera å tetta kunstige grøfter i myr om naudsynt.

Etter §9 kan forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, setta i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet i samsvar med §47 i naturmangfaldlova. Slik skjøtsel skal så langt som råd skje i god dialog og samarbeid med grunneigarar og kommune. Det vil likevel kunne revurderast dersom det oppstår situasjonar der verdiane i reservatet står i fare for å skadast. Om framande treslag får spreia seg fritt i området, vil slike artar på sikt kunne skugge ut andre naturleg tilhøyrande treslag og påverke andre artar.

### Overvaking og forskning

Overvaking av verneområde skjer etter to hovudstrategiar:

a) Nasjonal datainnsamling som skal sikre arealrepresentative, nasjonale (evt. regionale) målbare tal for utvikling av utvalde naturtypar. Her bestiller Miljødirektoratet opplegg og gjennomføring frå institusjonar og leverandørar med kompetanse innan forskning/overvaking.

b) Lokale utfordringar i dei einskilde verneområde vert overvaka ved å etablere såkalla bevaringsmål for ulike overvakingsobjekt, til dømes heile verneområdet, einskilde naturtypar eller artar. Så vert bevaringsmåla vurdert gjennom overvaking av såkalla tilstandsvariablar (til dømes førekomst av framande artar, gjengroing, bruksform og bruksintensitet). Der naturtypar er registrert etter NiN-systemet(Artsdatabanken)), held ein seg til referanseverdiar for dei aktuelle tilstandsvariablar. Grad av måloppnåing kan så leie til vidareføring eller endra forvaltningspraksis (som skjøtsel) eller revisjon av bevaringsmål.

I Tveitaneset naturreservat vil det i første rekke vere aktuelt med systematisk overvaking av spreining av framande artar. Vidare vil det være aktuelt å overvake utviklinga langs stiar som vert nytta av folk, og bestandskartlegging av truga og sjeldsynte artar.

**Forsking** skal i første rekke rettast mot innhenting av ny grunnkunnskap, men også forskingsrelaterte tema knytt til lang tids overvaking i området, med fokus på tema som skogstruktur og vegetasjonsutvikling, fugleliv, insekt og andre virvellause dyr.

## Retningslinjer for brukarinteressar

I det følgjande vert det kort gjort greie for dei antatt viktigaste bruksinteressene, vurdert opp mot reglane i verneforskrifta.

### Landbruk

#### **Tradisjonell beiting** (verneforskrifta §4d)

Verneforskrifta opnar for tradisjonelt beite. Skogen har lite spor av beite i dag, då feltsjiktet er røsslyngdominert med blokkebær og blåbær. Beiting fremmer gjerne grasartar, men desse er det lite av i området. Området har difor vært forsiktig beita i seinare tid. Per Helle stadfestar og dette, med at det berre er ein mindre flokk utegangarsau som beitar området i dag. Naturverdiane i området er heller ikkje avhengig av beite for å vedlikehaldas.

Ønskjer ein å starte med beiting i området så må dette være svært ekstensivt (forsiktig), og ein må avklara med forvaltingsstyresmakta både når det gjeld beitetrykk, dyreslag og husdyrrasar.

#### **Vedlikehald av eksisterande vegar** (verneforskrifta §4e)

Allereie opparbeida skogsbilveg kan vedlikehaldas som på vernetidspunkt, men ikkje utvidast eller oppgraderast.

#### **Naudsynt motorisert ferdsle i landbruksverksemd** (verneforskrifta §4a og C)

All motorisert ferdsle i naturreservatet er forbode, men verneforskrifta opnar for naudsynt køyring på landbruksveg i samband med landbruk. Dette gjeld berre på veg som er oppteikna på vernekart.

Det er også opning for naudsynt kjøring i verneområdet for å transportere ut sjuke eller skadde dyr etter lov om dyrevelferd. Køyring i terreng skal haldast på eit minimum, og med køyretøy som er skånsamt mot markoverflata.

Statens naturoppsyn eller Fylkesmannen skal varslast før ein køyrer.

### Jakt, fangst, fiske og friluftsliv

Jakt, fangst, fiske og friluftsliv skal kunne fortsette som før, jf. viltlova, fiskelovgjeving og friluftslova, med dei avgrensingane som er gjort greie for i verneforskrifta §§ 3 og 5.

Fylkesmannen vil presisere at normal utøving av tradisjonelt friluftsliv er uproblematisk så lenge det skjer innanfor rammene som er sett i verneforskrifta. Eit viktig mål ved vernet er å ivareta naturverdiane i mest mogleg urørd tilstand, jfr. §10 i NML).

#### **Brenning av bål** (verneforskrifta §3e og §7b):

Fjerning av død ved og brenning av bål er forbode etter verneforskrifta. Fylkesmannen kan etter søknad gje dispensasjon til etablering av mindre bål plass i samband med undervisning. Fylkesmannen kan vurdere å opne for å lage ein slik bål plass i den nordre delen av reservatet kor det allereie er mykje spor av inngrep. Bål plassen må leggast på ein stad som toler slitasje og kor brenning ikkje set spor i berggrunnen.



### **Vedlikehald av eksisterande stiar:**

Det går ein enkel sti gjennom området som er avmerkt på vernekart. Stien er smal og enkelt utforma, og skal ikkje utvidast. Ved behov kan oppslag av tre i sti fjernast, samt vindfall kappast i stien for å sikre framkomst. Veden skal leggest igjen i terrenget.

### **Regulering av ferdsle (§5)**

Då området er kupert og avgrensa i storleik skal all ferdsle skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon og dyreliv. Dette inneber eit generelt forbod mot motorisert ferdsle, sykling og ridning unntatt på eksisterande landbruksveg. Dette for å unngå slitasje og skade på området. Utover dette vises det til § 6 i verneforskrifta som gir ytterlegare høve til motorferdsel i reservatet for særlege formål.

### **Spesifiserte dispensasjonsreglar (§7):**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til mellom anna arrangement, etablering av bål plass, teltleir m.m. Etablering av ein mindre fast bål plass til bruk i undervisninga og andre mindre arrangement vil Fylkesmannen kunne tillate etter søknad. Forvaltninga vil ha ein restriktiv praksis her (jf. §9 og 10 i NML), då verneområdet er avgrensa i storleik og tiltak/aktivitet ofte vil vera i strid med føremålet med vernet.

### **Fiske med laksenot:**

Det er tradisjonelt nytta laksenot i Breivik og Ramsvik, men aktiviteten har vært liten seinare år (Per Helle pers. medd.). Det vil fortsatt være lov å fiske etter laks som før etter gjeldande fiskelovgivning. Nota vil stå i sjøen, utanfor verneområdet. Det er ikkje lov å lage nye faste innretningar til fisket utover det som finst i dag, men nota kan festast i land som tidlegare.

### **Utkøyring av felt storvilt (§6):**

Det er opning for utkøyring av felt storvilt med lette beltegåande kjøretøy som ikkje set varige merke i marka.

### **Reiseliv**

Etter verneforskrifta § 3d er teltleir, idrettsarrangement eller andre større arrangementet forbode. Likevel kan ein søka etter §7a om avgrensa bruk av verneområdet til denne type arrangement. Fylkesmannen vil vektlegge at arrangementa ikkje skal truge verneformål og ikkje setje spor i terrenget. Vidare skal ein søka å nytta dei delane av reservatet som har spor frå tidlegare aktivitet, dvs. områda kring landbruksvegen.

Ønskjer ein å merke løype må dette handsamast som ein søknad om dispensasjon.

## Oppsyn og administrasjon

### Grensemerking

Grensene for reservatet må etter vernevedtak målast inn og merkast i felt. Det er ikkje utarbeidd eiga grenseomtale for reservatet, men grensa er merka på vedlagt framlegg til vernekart og ortofoto, og følgjer stort sett naturlege grenseliner i terrenget.

Ny vernegrense går frå sjøen i Ramsvika langs eigedomsgrensa mellom 165/1 og 166/2, vidare i rett linje etter knekkpunkt i eigedomsgrensa opp til den treff åsen i Raudkleivfjellet. Grensa knekk då mot SØ og seinare mot SSØ. Rett før landbruksveg brekk grensa mot SØ, parallelt med gamal vernegrense. Grensa følgjer deretter toppane kring Breiviksneset og går ned i sjøen i bukt som vist på kart. Langs sjøen følgjer grensa i mildare flomål rundt heile Tveitaneset til den igjen treff grensa i Ramsvika.

### Forvaltning og oppsyn

Etter § 11 i forskrifta vil Miljødirektoratet fastsette kven som skal ha forvaltingsstyresmakta for verneområdet. Ansvar for oppsyn ligger elles til Statens naturoppsyn (SNO), og vil elles skje konkret etter avtale med den framtidige forvaltingsstyresmakta.



### Søknader om dispensasjonar, jfr. §§ 7 og 8 i verneforskrifta

Vi syner til framlegg til verneforskrift. Denne vil utgjere den juriske ramma for all bruk av verneområdet, også handsaming av søknader om dispensasjonar.

Vidare gir rundskrivet *Miljødirektoratet M106-2014: Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter* konkrete føringar for tolking av verneforskrifta, og skal leggest til grunn for vurdering av søknader om dispensasjonar.

Slike søknadshandsaming vil også innebere vurdering etter nemnte §§ 8-12, jfr §7 i naturmangfaldlova.

Ein søknad om dispensasjon må gjera greie for det konkrete tiltaket, kva behov som ligg til grunn for dette, og kor tiltaket er planlagt i reservatet. Eit og same tiltak kan vere regulert over fleire avsnitt i forskrifta. Difor er det viktig å lesa verneforskrifta i samanheng.

Dersom ein søknad vert avslått, kan søker, eller andre med rettsleg klageinteresse klaga på avslaget, jf. forvaltingslova. Klaga skal sendas til forvaltingsstyresmakta, men stilast til Miljødirektoratet, som skal handsama klaga og fatta eit endeleg vedtak.

# Vedlegg 1- Føreslegen verneforskrift

## Forskrift om vern av Tveitaneset naturreservat, Tysvær kommune, Rogaland fylke

Fastsatt ved kongelig resolusjon ..... med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremmet av Klima- og miljødepartementet.

### § 1. Formål

Formålet med naturreservatet er å bevare ett sammenhengende skogsområde med eldre kystfurskog og ta vare på alt naturlig plante- og dyreliv, landskapselement og de naturlige økologiske prosessene i området. Kystfurskogen vokser på fyllitberg og har innslag av eik og kristorn, noe som er karakteristisk for denne delen av fylket. Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.

### § 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet berører gnr/bnr: 165/1 i Tysvær kommune.

Naturreservatet dekker et totalareal på ca. 382 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:15 000 datert Klima- og miljødepartementet ..... De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Tysvær kommune, hos Fylkesmannen i Rogaland fylke, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### § 3. Vernebestemmelser

I naturreservatet må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet.

I naturreservatet gjelder følgende vernebestemmelser:

- a) Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er vernet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av disse fra naturreservatet. Planting eller såing av trær og annen vegetasjon er forbudt.
- b) Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er vernet mot skade, ødeleggelse og unødige forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
- c) Området er vernet mot ethvert tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjerder, andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftledninger, jordkabler, kloakkledninger, bygging av veier, drenering eller annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Oppstillingen av tiltak er ikke uttømmende.
- d) Bruk av naturreservatet til telteirer, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbudt.
- e) Bålbrenning er forbudt.

### § 4. Generelle unntak fra vernebestemmelsene

Vernebestemmelsene i § 3 annet ledd er ikke til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldende lovverk.
- c) Skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldende lovverk.
- d) Tradisjonell beiting.
- e) Vedlikehold av eksisterende stier og veier inntegnet på vernekartet samt andre anlegg og innretninger i henhold til tilstand på vernetidspunktet.

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsomt og ta hensyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminner.

I naturreservatet gjelder følgende bestemmelser om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel til lands og til vanns er forbudt, herunder start og landing med luftfartøy.
- b) Utenom eksisterende vei er bruk av sykkel, hest og kjerre samt ridning forbudt.

## **§ 6. Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene**

Ferdselsbestemmelsene i § 5 er ikke til hinder for:

Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsvirksomhet. Unntaket gjelder ikke øvingsvirksomhet.

Ferdselsbestemmelsene i § 5 annet ledd er ikke til hinder for:

- a) Nødvendig motorferdsel i forbindelse med uttransport av syke og skadde bufe i medhold av lov om dyrevelferd.
- b) Nødvendig uttransport av felt storvilt med lett beltekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget.
- c) Nødvendig motorferdsel i landbruksøyemed på landbruksvei avmerket på vernekartet.
- d) Gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten.

Kjøretøy som benyttes i terrenget skal være skånsomt mot markoverflaten. Det skal gis melding til ansvarlig oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser**

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrenset bruk av naturreservatet for aktiviteter nevnt i § 3 d).
- b) Etablering av mindre bål plass i forbindelse med undervisningsformål.
- c) Istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminner.
- d) Tiltak i forbindelse med forvaltning av vilt.
- e) Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterende anlegg for Kystverket.
- f) Gjenoppføre bygninger, anlegg eller innretninger som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- g) Nødvendig motorferdsel for aktiviteter nevnt i § 4 e) og § 7 f).

## **§ 8. Generelle dispensasjonsbestemmelser**

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig, i samsvar med naturmangfoldloven § 48.

## **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan iverksette tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

## **§ 10. Forvaltningsplan**

Det kan utarbeides forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Denne kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel og skal godkjennes av forvaltningsmyndigheten.

## **§ 11. Forvaltningsmyndighet**


Direktoratet for naturforvaltning fastsetter hvem som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskriften.




## **§ 12. Ikrafttredelse**

Denne forskriften trer i kraft straks. Samtidig oppheves forskrift 24.12.1977 nr. 12 om fredning for Tveitaneset naturreservat, Tysvær kommune, Rogaland.

## Vedlegg 2 - Kart over føreslege verneområde



### Vedlegg 3 - Kart med gammel og føreslegen utvida vernegrense



# Vedlegg 4 – Rapport frå synfaring , Tveit i Nedstrand, Tysvær kommune

Audun Steinnes og John Inge Johnsen, Stavanger 25.10.2012

Synfaringa vart gjennomført 24.09 med hovudformål å vurdere verdien av å utvida Tveitaneset naturreservat gjennom frivillig vern i tillegg til å få oppdatert statusen i reservatet. Det var viktig å gjera seg kjend i reservatet, m.a. for å vurdere aktuelle utvidingar. Artsliste er vedlagt.

## **Tveitaneset naturreservat**

Reservatet ligg sørleg eksponert mot Nedstrandsfjorden. Fine fyllitt-svaberg dominerer opp mot 10 m oh. med spreidd vegetasjon i sprekker med artar som kystbergknapp, strandkjempe, fjørekoll, sylvlarve, saltblomstermose, og mindre steinstrender med artar som strandkvann, strandrug, krushøymol, klengemaure, tangmelde m.fl.

I Tjeldvika på vestsida av Tveitaneset i overgangen mot furuskog, veks kulegråmose på berg. Arten er mindre vanleg og endemisk for vest Europa. Her finst også den mindre vanlege meietvebladmosen.

Strandberga går over i ei kystutforming av røsslyng-blokkebærfuruskog. Skogen er furudominert og fattig i heile området og er prega av svulmande mosematter dominert av lyngtorvmose med artar som pelssåtemose, trøssåtemose, fleinljå, heiflette, blåmose, kystkransmose, storstylte, raudmuslingmose, kystbinnemose, kysttvebladmose m.fl. Det er påfallande at artar knytt til litt meir tilgang av næring og sigevatn, som småbregner, gaukesyre og hassel, manglar eller berre finst spreidd (hårfrytle, maiblom).

Utforminga av treskiktet og dominansforholda er først og fremst avhengig av jorddjupet, men og av vindksponeringa. På grunn jord er trea låge og kronene opne slik at det er god lystilgang i skogbotnen. Her dominerer lyskrevjande artar som røsslyng, tytebær og blokkebær over blåbær.

I svak nordhelling er klokkelyg vanleg, medan krekling pregar svakt sørvend skog med mjølbær ut mot bart fjell.

På litt djupare jord dominerer blåbær med innslag av einstape og stammene er høgare og rakvaksne. Eit par stader finst treforma kristorn i dei fuktigare delane av slik skog, gjerne med trollhegg og øyrevier.

Det er 3 mindre fattigmyrar med ein brem med furumyrskog med artar som pors, duskull, stjernestorr, tranebær, rome, blåtopp, bjønnskjepp og ulike torvmosar.

Skogen er jamt over ikkje grovstamma, men det er lite teikn på hogst og furua har i nokre tilfelle omkrins rundt 190 cm. Skogen har noko innslag av daud ved i form av gadd og læger. På daude furustammar blei det observert knappenålslav, mens det på daud ved i skogbotnen blei funne larvemose. På nedre del av furustammar blei det fleire stader funne horn-/ringstry som krev høg luftråme og som er oppført som nær trua på raudlista. Det blei elles høyrtyt lydytring fra ein hakkespett, truleg kvitryggspett.

Det er tidlegare registrert furuskog med knerot sentralt på neset, det vart ikkje observert nå.

## **”Buffersona”**

I eit belte på nordsida av reservatet er det nyleg avvirka eit plantefelt med hemlokk i nordaust. Her begynner det så smått å koma inn meir lyskrevjande artar som tepperot, legeveronika, gullris, tiriltunge, følblom, kystgriseøre, markjordbær m.fl. Hemlokken er elles i sterk spreing i grenseområdet til reservatet, med rikeleg med ungplanter frå 0-2 m høgde. Det er svært viktig at hemlokken vert fjerna i og utanfor reservatet, då denne arten viser sterk spreing og vil utan målretta skjøtsel øydelegga eksisterande skogtype i reservatet.

Vestover frå dette går eit søkk med høgvaksten furu, noko eik og 8-10 treforma kristorn. Mellom knausar på nordsida står ”Tusenårseika”. Hovudstammen er berre 3 m høg, truleg styva, med omkrins på 3 - 4 m, med stort holrom og rikeleg med friske greiner.

På læger/daud ved i skogbotnen i nordvest, blei råteflak og hornskovelmose funne, to artar som er regionalt sjeldne. På eik i same området veks liten praktkrinslav som er raudlista (VU-sårbar).

På bjørk veks Arthonia arthenoides som krev høg luftråme og er mindre vanleg, på kristorn veks kattefotlav og på furu stubbesigdmose ein austleg art som er mindre vanleg i Rogaland.



### **Aktuell utviding nord for "bufferzona"**

Tilgrensande område i nordvest ved Ramsvika er langt brattare, og dei vest-, sør-vest vendte lisidene mot fjorden stig opp mot 100 m o h. Det er framleis røsslyng-blokkbær furuskog, særleg nærast sjøen og på ryggar og flater, men i søkk og inn mot bergufser er det meir høgvaksen blåbær-furuskog, for ein stor del med om lag ein tredjedel eik. I den bratte lisida er det stadvis betre jordsmonn og eksposisjon med større innslag av eik, kristtorn, hassel, vivindel m.fl, nokre stader med med storfrytle og fragment av lungeneversamfunn på eik. Det vart ikkje påvist lågurtskog. I ei lita kløft ned mot fjorden veks raggtelg (NT-nær trua) og ved foten av ein mindre bergvegg blei butt urnemose (VU-sårbar) funnen. Av regionalt sjeldne arter blei dogkjeldemose notert. Det er spreidd hemlokk i området, i den søre delen ganske talrik.

### **Utviding av Tveitaneset naturreservat**

Sona langs nordaustsida av reservatet utgjer ei viktig buffersone mot eldre plantefelt i nærområdet og er derfor eit svært viktigandområde å få hand om for å hindra vidare spreining av hemlokk og andre framande bartre.

Området i nordvest ligg i relativt bratt terreng med truleg noko eldre og meir høgreist skog. Det er større innslag av utforming med eik og kristtorn enn i sjølve reservatet og fleire raudlista og interessante artar som ikkje er påvist i sjølve reservatet. Denne delen utgjer ei naturleg vidareføring av reservatet og vil auka dette arealet vesentleg.

På Tveitaneset og i området rundt er det ein lengre strekning med særmerkt kyst med flate svaberg og lite inngrep. Ei utviding av reservatet mot nordvest vil sikra vesentleg meir av denne kyststrekninga. Ei mindre utviding mot nordaust kan og vera aktuelt i denne samanhengen med ei smal sone mellom sjøen og planteskog. I tillegg til store, flate svaberg er det her eit søkk med 5-6 kristtorntré.